



Seim Bygg AS
Terje Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6740 - 14/22482

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2014

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 129/14 - Titlandsvegen

Teknisk drift syner til brev datert 18.09.2014 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 129/14 – Titlandsvegen.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 129/14 – Titlandsvegen på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (takutstikk) og midt kommunal veg skal være minimum 12,5m.
- Tiltaket skal være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert opprethalde (sjå eget vedtak).
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg er at det vert gitt byggeløyve for hytte på gbnr 129/14.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 29-31 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved vegavdelinga

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Seim Bygg AS